

Søknad

Søknadsnr.	2015-0152	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	INU-FSF-Utlysing 2015			
Prosjektnavn	Eikefjord tømmerkai - utviding			

Kort beskrivelse

Eikefjord tømmerkai har idag ein kaifront på 52m. Med aukande tømmermengder og stadig større båtar fungerer ikkje kaia idag optimalt. Dette også på grunn av undervasskjær som medfører at kaia ikkje fungerer som siste opplastingsstad særleg på fjære sjø. Det er utarbeidd prosjekt på å vri kaifronten slik at den kjem utom undervasskjæret til total kaifrontlengde på 100m med 8m djupne. Ved ei slik vriding får ein også større baklager. Då vil ein få ei kai som fungerer optimalt logistikkmessig.

Prosjektbeskrivelse

Eikefjord tømmerkai er idag ei betongkai på 52 m kaifront bygd i 1995. Denne kaia har for kort kaifront i høve god logistikk og god økonomisk drift. Det er for lite djupne langs kaifront pga undervasskjær for å kunne nytte ut storleiken på båtane fullt ut ved ulike tidevannsnivå. Det har vore vurdert å sprengje vekk undervasskjæra, men det må til ei utviding for at kaia skal vere framtidretta iforhold til logistikk både for biltransport til kaia, baklager og båttransport. Ved at ein i staden nyttar undervasskjæra som fundament for kaiutvidinga slik at ein bygger kaifronten utom undervasskjæra stettar ein krava om 8 meter djupne ved LAT langs heile kaifronten. Dette medfører at vi vrir kaifronten noko i forhold til i dag. Den nye kaifronten ligg 1m framfor eksisterande kaifront i aust og 11m framfor eksisterande kaifront i vest. Kaia vert forlenga til 100m kaifront. Kaia vert fundamentert på pilarar til fjell. Kaia vert dimensjonert for nyttelast 45 kN/m², og punktlast 700 kN. Det vert 400 mm tjukt betongdekkje over heile kaia.

Nedkøringa til kaia vert lagt noko om for å gje plass til snuområde i den vestre enden av det nye bakarealet. På den måten får ein også sprengstein til utfylling bak kaia.

For å unngå å flytte kaifronten for langt ut i austenden av kaia og dermed auke byggekostnaden, ser ein det som rimelegare og meir hensiktsmessig å mudre eit mindre parti her. Det er berre lausmassar på botnen. Mudremassane kan enten gravast frå land og nyttast som bakfyll bak kaia, eller takast opp på lekter og dumpast på djupare vatn. Ein reknar ikkje med at massane er forureina. Vi ynskjer helst å ta massane på land og nytte dei i prosjektet så langt som råd.

Utbygginga vil realisere eit baklager på 1700 m² som eit tillegg til den forlenga kaifronten. Dette vil redusere arbeid med flytting av tømmer på kaia då dei nye og største båtane kan laste 3 raster med tømmer på kaifront direkte. Samtidig vert det kort veg å flytte tømmeret fram på kaifront frå baklager. Slik det er i dag ligg noko av baklageret oppe ved fylkesvegen på grunn av for liten kapasitet på kaia i forhold til tømmermengder som vert tilkøyr. For at det skal bli god logistikk må mest mogeleg tømmer kunne leggast rett på kaifront.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Flora Skogeigarlag Org.nr:975698882	v/Anne-Karin Kleiven, Klauvene 6900 FLORØ	48254146
Kontakt- person	Anne-Karin Kleiven Rynning	Klauvene 6900 FLORØ	48254146
Prosjekt- leder	Gunnvar Seljeseth	Seljeset 6900 FLORØ	90619925

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Ved Eikefjord tømmerkai har det i lengre tid vore problem med undervasskjær, og kaia har også dårleg baklagerplass. Dette medfører dårleg logistikk både for tømmerbiltransport og båttransport, og er ikkje framtidsretta. Kaia ligg i eit skogreisingsområde og fylkesmannen si oversikt viser at det om 15 år vil vere 75.000 m³ hogstmodent gran- og furutømmer per år som soknar til kaia. Eikefjord tømmerkai tek mot tømmer frå kommunane Flora, Naustdal, Førde og deler av Jølster, Bremanger og Gløppen.

Flora Skogeigarlag har i samarbeid med Sogn og Fjordane Skogeigarlag SA (no Vestskog SA) hatt inne søknad om SLF-midlar til tømmerkaiutviding. Vi er no komne med på prioriteringslista saman med 3 andre prosjekt, der vi vert invitert til å utarbeide fullstendig søknad for endeleg handsaming vedr. SLF-midlane. Samla er det ein investeringstrong på nær 65 mill. kroner for desse 4 prosjekta. Det er avsett 22,4 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett for 2015. Med denne bakgrunn seier Landbruksdirektoratet i sitt prioriteringsskriv at alle prosjekta vil styrke sin søknad om dei kan finne annan finansiering til ein større andel av utbyggingskostnaden. INU- midlar er difor ein viktig post for at vi skal kome i mål med utbyggingsplanane og få tildelt SLF-midlar. Dette er også grunnen til at vi søker om INU-midlar inntil 50% av totalkostnaden på vel 18 millionar.

Utviding av Eikefjord tømmerkai er eit hovudprosjekt som vi ynskjer å kunne bygge i eit byggetrinn då dette er enklaste og billegaste løysinga totalt sett på utvidingsplanane. Ein sparar då prosessar og ressursar og oppnår full effekt med ein gong.

Oversikt over antal båtanløp v/2000 m³ lasting som Fylkesmannen har utarbeidd viser at området til Eikefjord tømmerkai vil auke mest dei første 10-årsbolkanane. I perioden 2006-2015 er det rundt 5 båtanløp, i perioden 2016-2025 er det rekna ca. 32 anløp, og i perioden 2026-2035 er ein godt over 80 båtanløp v/2000 m³ lasting i gjennomsnitt pr. år.

Prosjekt mål

Målet med kaiutvidingsprosjektet er å få ei framtidsretta kai som stettar krava til 8 m djupne ved LAT (lågaste astronomiske lavvann) langs heile kaifronten på 100 m. Med eit større baklager som

utvidinga også inneheld vil ein få ein logistikk på kaia som kan handtere dei store tømmermengdene som vert hogstmodent i åra framover. Dei nye båtane lastar 3 rekker med tømmer på kaifront utan kipping. Målet er å få mest mogeleg tømmer direkte på kaifront slik at ein slepp den fordyrande kippinga.

Ringverknadar av auka tømmermengder og investering i tømmerkai er at det er trong for fleire skogsentreprenørar og tømmerbilar- og sjåførar. Det er alt nye entreprenørar som satsar og investerar i hogstmaskiner og lassbærarar o.l. Det vart i 2014 kjøpt inn 4 nye tømmerbilar som no køyrer her i fylket. Slike investeringar og jobbar vert det meir trong for etterkvart som hogstkvantumet aukar. I dag går nesten alt tømmer til Ilim Nordic Tomber i Nord-Tyskland. Her er det båttransport som er aktuelt, og vi treng fleire båtar for å få transportert ut tømmeret raskt nok i åra framover. Det er ikkje unaturleg at nye arbeidsplassar både i skogen, i tømmerbilen eller på båttransportsida er lokalisert til Flora kommune. Eikefjord tømmerkai er ein viktig del av eit system frå tømmerstokken står hogstmoden via transport til den kjem ut som eit produkt i andre enden, der det er mange ulike arbeidstakarar som er inne i bildet. På litt lenger sikt håpar vi at ein kan få igong meir lokal foredling av tømmeret med dei arbeidsplassar det vil gje. Tømmeret står i skogen og aukande mengder vert hogstmodent i åra framover. Dette er ein ressurs som ein må få utnytta og som derved vil gje arbeidsplassar.

Forankring

Flora Skogeigarlag er eigar av Eikefjord tømmerkai. Flora Skogeigarlag er lokallag under Sogn og Fjordane Skogeigarlag SA/Vestskog SA. Sogn og Fjordane Skogeigarlag SA/Vestskog SA er dei største brukarane av kaia då det er dei som administrerar hogst og tømmertransport. Utvidingsplanane av Eikefjord tømmerkai er i samarbeid med dei. Sogn og Fjordane Skogeigarlag SA har Eikefjord tømmerkai som 1. prioritet for kaiutvidingsprosjekt.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i si vurdering av tømmermengder til kai i Sogn og Fjordane komande tretti år og trong for kaiutbygging også prioritert Eikefjord tømmerkai framfor Vadheim som nr. 2.

Eikefjord tømmerkai er med i arealplanen for Flora Kommune.

Prosjektorganisering

Flora Skogeigarlag er lokallag under Sogn og Fjordane Skogeigarlag SA/Vestskog SA og vi har støtte og diverse hjelp derifrå. Vår lokale prosjektleiar er Gunnvar Seljeseth som idag er oppsynsmann på Eikefjord tømmerkai og styremedlem i Flora Skogeigarlag. Han har entreprenørpraksis. Han var også byggeleiar då eksisterande kai vart bygd i 1995.

Sjølve prosjekteringa inklusiv anbud vert utført av Sørli AS som har prosjektering av tømmerkaiar som spesialfelt.

Samarbeidspartnere

Utvidingsplanane er utarbeidd i samarbeid med Sogn og Fjordane Skogeigarlag SA/Vestskog SA. Tømmer har 1. prioritet for bruk av kaia. Utanom tømmer har kaia vore brukt til å ta på land både sand, asfalt, kalk, smolt og diverse tilfeldige oppdrag. Til tider er det vanskeleg å få tilgang til kai for tilfeldige oppdrag på grunn av mykje tømmer. Ei utviding vil gjere det lettare for andre å nytte kaia.

Det er ikkje så mange andre djupvasskaiar som er store nok inne i fjordarmen.

Vi er på prioriteringslista for SLF-midlar, men dei oppfordrar oss til å redusere tilskotstrongen ved å finne annan finansiering i tillegg. For oss er INU-midlar ei slik viktig annan finansiering.

Det vert søkt om nokre mindre støtter frå ulike lag og organisasjonar.

Aktiviteter

Midlane går til prosjektering og byggekostnad med utviding av Eikefjord tømmerkai.

Målgrupper

Prosjektet skal lette logistikken både for biltransport og båttransport av tømmer, slik at vi er i stand til å ta unna dei komande tømmermengdene på ein god måte både arbeidsmessig og økonomisk. Dette vil også ha innverknad på arbeidet ute i skogen, ved at ein får køyrt tømmeret raskt på kai og då ha god nok kapasitet på velteplassane i skogen under skogsdriftene. Kostnadar med tømmertransport har innverknad på tømmerpris til skogeigar. Dess mindre arbeid med kipping på kai, og elles godt tilrettelagde kaiforhold vil auke inntekta til skogeigaren. Det i seg sjølv vil stimulere til meir aktivitet i skogen frå skogeigaren si side.

Resultat

Med ein 100 m lang kaifront og 8 m djupne ved LAT langs heile kaifronten kan ein også nytte Eikefjord tømmerkai som ei siste opplastingskai, og ein treng då ikkje lenger ta hensyn til flo og fjære. Dette vil redusere fraktkostnadane og dermed gje eit betre økonomisk resultat som gjev ringverknadar til dei ulike skogaktørane.

Når ein slepp å ta hensyn til flo og fjære lenger vil ein raskt kunne auke antal båtanløp og dermed få redusert lageret av tømmer på kai raskare.

Effekter

Ved å få ei framtidretta kai som kan ta unna dei store tømmermengdene som kjem i området som soknar til kaia dei næraste 10-årsbolkane, kan vi få nytta dei skogressursane som står i skogen etter kvart som dei vert hogstmodne. Det vert for dyrt å transportere tømmeret over lange avstandar til andre tømmerkaiar, og i verste fall vert skogressursane då ståande og rotne på rot. Det vil då bety tap av skogressursar og dei arbeidsplassane og inntekter som dei ville gje.

Vi er godt i gong med planlegging av kaiutviding, men er avhengige av økonomiske midlar for å klare å gjennomføre prosjektet. No er vi komne på prioriteringsliste for SLF-midlar, men er avhengig av annan finansiering i tillegg for å kunne løyse ut SLF-midlane.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Fullprosjektering av kaiutvidinga med diverse søknadar er under arbeid. Søknadsfristen for fullstendig søknad på SLF-midlar er 1. september 2015. Dersom vi får løyving på SLF-midlar har vi ein utbyggingsfrist der prosjektet skal vere slutført innan utgangen av 2017. Men vårt håp er at vi skal kunne ferdigstille kaiutvidinga i 2016.

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Bakvegg		652 050				652 050
Bjelkar		2 547 280				2 547 280
Dekke		3 546 150				3 546 150
Diverse uforutsett		520 000				520 000
Diverse utstyr på kaia (støtter, lys m.m.)		1 757 300				1 757 300
Forankring i land		318 505				318 505
Grunnarbeid	47 200					47 200
Mudring		800 000				800 000
Omlegging/utviding av vegen		3 610 000				3 610 000
Pilarar		2 949 150				2 949 150
Prosjektering og administrasjon	415 000	210 000				625 000
Rigg og drift	150 000	500 000				650 000
Sum kostnad	612 200	17 410 435				18 022 635

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Diverse støtte frå lag og organisasjonar	400 000	400 000				800 000
Eigne midlar		222 635				222 635
INU-FSF-Utlysing 2015	9 000 000					9 000 000
SLF- midlar		8 000 000				8 000 000
Sum finansiering	9 400 000	8 622 635				18 022 635

Geografi

1401-Flora

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
150327 Skogeigarlaget tømmerkai pdf.pdf	426 905	14.06.2015
Antal båtanløp.pdf	482 123	14.06.2015
Kystskogbruket - Granvin, Flora, Surnadal og Lenvik går vidare.pdf	845 369	14.06.2015
Landbruksdirektoratet inviterer fire tømmerkaier vidare - Landbruksdirektoratet.pdf	464 028	14.06.2015
Prioritering av skisse for midler til tømmerkai-terminal i Eikefjorden.pdf	338 222	14.06.2015
Rullering av kommuneplan - skogdel.pdf	1 605 670	14.06.2015
Skogbruk i Flora.pdf	497 466	14.06.2015
Sogn og Fjordane - tømmerkaivurdering.pdf	484 667	14.06.2015
Tømmerkai i Eikefjorden REV 290315 s1-6.pdf	1 921 555	14.06.2015

Tømmerkai i Eikefjorden s7.pdf	3 451 604	14.06.2015
Tømmerkai i Eikefjorden s8.pdf	54 970	14.06.2015